



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

MOTTATT
28 FEB 2011

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Deres ref
09/474-MF

Vår ref
10/5750 RIX/SBP

Dato
25.02.2011

**Høring - forskrift om gjennomføring av forordning (EF) nr. 1008/2008 -
revisjon av EUs tredje luftfartspakke**

Vi viser til høringsbrev fra Samferdselsdepartementet (SD) dagsett 22. desember 2010, med utkast til forskrift om ovannemnde.

SD viser til at EU sluttførte liberaliseringa av den indre marknaden for luftfartstransporttenester ved hjelp av tre forordningar som til saman utgjer " EUs tredje luftfartspakke". SD opplyser at pakkane har vore ein del av EØS-avtala heilt frå starten av. Dei tre forordningane er ifølgje SD no fullt ut erstatta av luftrafikkforordninga. SD opplyser at endringane frå den tredje luftfartspakka stort sett er redaksjonelle og ikkje substansielle. Nokre av dei viktigaste endringane som er nemnde i høringsbrevet, er desse:

- Den maksimale kontraktslengda på statleg kjøp av flyruter skal forlengjast frå 3 til 4 år, med høve til å gjere avtalar på 5 år for ultraperifere ruter.
- Flyselskapa og andre billettseljarar skal gje fullstendige opplysningar om skattar, avgifter, gebyr, og andre tillegg som er obligatoriske.
- Det skal innførast eit uttrykkeleg forbod mot å differensiere prisane etter kor kjøparen er busett.


SD opplyser at Noreg har bedt EU vurdere om det kan innførast femårige anbodsavtalar for statleg kjøp av flyruter i delar av Noreg. SD ønskjer å ha etablert ei slik ordning når det neste hovudanbodet etter planen blir utlyst våren 2011. SD legg opp til at Forbrukerombudet skal ha ansvar for å sikre at flyselskapa gjev fullstendige opplysningar ved sal av flyreiser. Det vil ifølgje SD medføre auka kostnader

tilsvarande om lag eit halvt årsverk.

FIN legg til grunn at meirkostnadene for Forbrukerombudet dekkes innanfor ombodets gjeldande budsjetttramme. FIN har ikkje ytterlegare merknader til forslaget.

Med hilsen

Lars Erik Østby
avdelingsdirektør



Rita Rix
underdirektør